

Til Osterøy kommune v/Fjelde

Behandling av søknad. Tillruggopplysningar til 16/2630 delingssak
GB NR 145-7 Reigstad.

Me sende ein søknad til dykk 11.11 2016. Søknaden gjeld «Søknad om deling av grunneigendom etter jordlova/frådeling av våningshus.» Me fekk opplyst at handsamingstida var å tre månader, og etterlyser no eit svar , sidan det no har gått nesten fira månadar. Samtidig sender me med ein del tilleggsopplysningar.

Der vår gard, bruksnr 145-7, på Reigstad er, ligg det fira gardar etter kvarandre. Tunet på bruksnr 145-8, skal frådelast hovudbruket.

Bruksnr. 145-73 og 145-129 er frådelt bruksnr 145-8.

Bruksnr. 146-122 er frådelt bruksnr.146-5.

Me ønskjer å verta behandla på ein rettferdig måte i forhold til dei andre gardsbruka.

Me har to vaksne born, som ikkje har noko interesse av å overta garden vår. Sonen vår har etablert seg i Trondheim, og dotra vår er på veg til å verta uføretrygda.

Kjell har dessutan fått ein diagnose, som gjer at han på sikt ikkje kan klara å vedlikehalda bygningane våre og alt arbeid som medfører å eiga ein gard. Huset vårt, som me bygde i 1983, ligg på eit plan og er eit hus me kan bu i , sjølv om me vert gamle og sjuke. Dessutan vil me laga eigen veg og ny garasje. Alt med tanke på Kjell si framtidige helsa.

På Reigstad er det no berre ein bonde som driv eigen gard og som dessutan slår fleire av dei andre gardane. Han slår også hjå oss. Kontrakten vår går ut om ca. fem år, og han sei at han ikkje vil fornya den, sidan han har nok slåtteland. Det set oss i ein vanskeleg situasjon.

Tanken vår er å selja garden, etter at me har frådelt huset vårt. Me vil selja den til nokon som har interesse av å driva den. Dessutan trur me at det hadde vore grett med to bønder på Reigstad og nok jord å slå for begge.

Våningshuset vårt på garden, har me restaurert gradvis dei siste åra. Det er vorte eit flott og tenleg hus over tre etasjar med to stover, eit fint kjøkken, to toalett og 4-5 soverom.

Driftsbygningane er vedlikehaldt utvendig og folk sei me har eit fint gardstun.

Reigstad er ein fin stad å bu, så me vil så gjerne kunna forsetja å bu i huset vårt, utan å måtta selja alt og flytta.

Me håpar de forstår vår situasjon og ser med velvilje på søknaden vår.

Mvh Grete og Kjell Reigstad.

Grete Reigstad
Kjell Reigstad